

Nyttårskonferansen 2022

11/01 2022 11:00 - 12/01 12:00

Scandic Hotel Seilet

Publisert: 12.08.21 Oppdatert: 24.11.21



[Møre og Romsdal 2025](#) arrangerer Nyttårskonferansen for fjerde gong på Scandic Hotel Seilet, 11.-12.januar 2022.

11.januar - lunch frå kl 11

- *Berekraftfylket Møre og Romsdal* - status og planer framover
Vi skal høyre frå arbeidet i nokre kommunar, om korleis Husbanken arbeider med sosial berekraft i fylket, og om utviklinga av kompetansehevingsprogram.
Så skal vi diskutere nokre av hovedutfordringane frå berekraftkartlegginga i Møre og Romsdal og møte nokre kompetansesentra i fylket.
- Vi får møte den nye *Mørebenken* på Stortinget
- *Vest-Norges Brusselkontor* kjem for å diskutere moglegheitene for offentleg sektor i EU
- *Frivilligheit Norge* kjem for å diskutere planane for [Frivilligheita sitt år i 2022](#), og frivillige organisasjonar som samfunnsaktørar.
- Utdeling av Klimasnuprisen.

12.januar - avsluttar med lunch frå kl 12

- Siste nytt frå *Digi Møre og Romsdal*
- Ung deltaking - ungdom som ressurs i samfunnsutvikling
Ungdomspanelet, Råder for ung medverknad NAV Møre og Romsdal og Ungt Entreprenørskap viser korleis dei arbeider for reell påverknad, og inviterer til diskusjon om potensialet vi enno ikkje har realisert.
- *Partnarskap for radikal innovasjon* kjem for å diskutere korleis offentleg sektor i Møre og Romsdal kan dra nytt av og bidra til prosjektet.
- Diskusjon om korleis vi kan arbeide med sirkulærøkonomi i Møre og Romsdal.
- Kåring av årets regionbyggar.

Det vil kome endringar og tillegg i programmet.

Hugs - vi har møterom tilgjengeleg for dei som ønsker å legge møter til konferansedagane og fasiliterer gjerne møter for dei som ønsker det.

12. januar kl.13-15: Digi Møre og Romsdal - samling

Alle deltakarar på Nyttårskonferansen er invitert til å oppleve nytta og synergiane av digitaliseringssamarbeidet i Møre og Romsdal, og diskutere effektivisering og samarbeid mellom kommunar og på tvers av forvaltningsnivå. Meir informasjon og invitasjon kjem i november.


Til Nyttårskonferansen 2022 inviterer vi toppleiarar i offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal - ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar, leiarar for regionale statlege verksemdar med ansvar for Møre og Romsdal, Fylkesutvalet, Mørebenken, Ungdomspanelet, og leiinga i Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Konferansen blir arrangert av programmet Møre og Romsdal 2025 og programkomiteen består av Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, NAV, Ungdomspanelet og KS.


[Inviterte til konferansen kan melde seg på her](#) (påmeldinga er no stengt).

Snarvegjar

Kontakt



Ragnhild Moltubakk
Rådgivar
71 28 02 42 / 938 24 154
[Send e-post](#)



Oddny Wiggen
Programleiar Møre og Romsdal 2025
71 28 02 38 / 906 64 446
[Send e-post](#)